

# BACHELOROPPGÅVE

## Synleggjering av fagleg innhald i barnehagen

av  
kandidatnummer: 1  
Elisabeth Torvanger

## Perceiving professional content in nursery

Førskulelærerutdanning

SF3-312

Mai, 2014



**Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Synleggjering av fagleg innhald i barnehagen) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 1

Elisabeth Torvanger

JA X            NEI

## Innholdsliste

1.0 Innleiing .....	1
2.0 Teori.....	1
2.1 Fagleg innhald i barnehagen .....	1
2.1.1 Profesjon .....	3
2.1.2 Personalet på ei avdeling i barnehagen .....	3
2.1.3 Planar.....	4
2.2 Foreldre .....	4
2.3 Samtalen mellom foreldre og personalet i kvardagen.....	5
2.4 Pedagogisk dokumentasjon.....	5
3.0 Metode .....	7
3.1 Val av metode.....	7
3.2 Gjennomføring av undersøkinga .....	7
3.3 Feilkjelder og validitet .....	9
3.4 Etske omsyn.....	9
4.0 Empiri .....	10
4.1 Pedagogisk leiar.....	10
4.1.1 Garderoben .....	10
4.1.2 Faglegheit .....	10
4.1.3 Planar.....	11
4.2 Foreldre .....	11
4.3 Samtalen mellom foreldre og personalet i kvardagen.....	12
4.4 Pedagogisk dokumentasjon.....	12
4.5 Problemstilling.....	13
5.0 Drøfting.....	14
5.1 Fagleg innhald i barnehagen .....	14
5.1.1 Pedagogisk leiar.....	15
5.1.2 Planar.....	15
5.2 Foreldre .....	16
5.3 Samtalen mellom foreldre og personalet i kvardagen .....	17
5.4 Pedagogisk dokumentasjon.....	19
5.5 Problemstilling.....	19
6.0 Avslutning .....	20
7.0 Litteraturliste.....	22

7.1 Ordinært pensum .....	22
7.2 Sjølvvalt pensum .....	22
8.0 Vedlegg .....	23
8.1 Vedlegg 1 Intervjuguide .....	23
8.2 Vedlegg 2 Informasjonsskriv til barnehagane .....	24

## 1.0 Innleiing

I denne bacheloroppgåva har eg teke føre meg temaet synleggjering av faglegheit i barnehagen. Grunnen til at eg valde å skrive om dette temaet er fordi det er aktuelt og eg syns det er interessant. Eg er interessert i å lære meg meir om korleis eg kan synleggjere det faglege innhaldet i barnehagen når eg kjem ut i arbeid. Det er aktuelt med tanke på korleis ein kan få auka statusen i forhold til arbeid i barnehage.

Problemstillinga mi er som følgjande: «*Korleis synleggjer pedagogisk leiar det faglege innhaldet i barnehagen til foreldre i kvardagen?*». Som ein kan sjå ut i frå problemstillinga mi har eg valt å ha eit ekstra fokus på den pedagogiske leiaren si rolle i forhold til synleggjeringa. Dette har eg gjort av to grunnar. Den eine er at bacheloroppgåva er eit utgangspunkt i faget pedagogisk leiing, og den andre er at pedagogisk leiar er ei stilling eg sannsynlegvis kjem til å inneha i framtida. Ein kan derfor seie at denne oppgåva er ein del av eit meir langsiktig syn, for min del, der eg tenkjer at eg kan bruke det eg finn ut i denne oppgåva, og ta det med meg vidare ut i arbeid i barnehagen. I barnehagelova har samfunnet lovfesta kravet om førskulelærarkompetanse i stillinga som pedagogisk leiar (Bjerkestrand & Pålerud, 2007). Derfor var alle dei pedagogiske leiarane eg intervjuar utdanna førskulelærarar.

For å avgrense temaet har eg valt å ha fokus på korleis dei pedagogiske leiarane synleggjere det faglege innhaldet ut til foreldra. Grunnen til at eg valde nettopp foreldra er fordi desse har mykje kontakt med barnehagen. Eit anna val eg har gjort er å avgrense synleggjeringa til å omhandle kvardagen. Dette fordi eg tenkjer at det er her utfordringa til dei pedagogiske leiarane ligg. Formelle møter mellom pedagogisk leiar og foreldre har ofte eit fagleg innhald, så eg ville ikkje inkludere dette i mi oppgåve. Vidare gjorde denne avgrensinga til at fokuset no ligg i korleis ein synleggjere faglegheita i hente- og bringesituasjonane, på grunn av at det er her barnehage og foreldre møtast i ein kvardag. Eg har i denne oppgåva først greia ut om relevant teori, deretter metoden eg har valt. Så har eg kort presentert empiri, og deretter drøfta og svart på problemstillinga mi.

## 2.0 Teori

### 2.1 Fagleg innhald i barnehagen

I 2006 fekk barnehagen ny barnehagelov og barnehagen vart flytta over til Kunnskapsdepartementet. Summen av dette løfta barnehagen ut av den familiepolitiske tenkinga. Barnehagen blir no uttrykt som ein læringsarena der blikket er meir retta mot sjølve det faglege innhaldet i barnehagen enn tidlegare (Jansen, 2007). Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver (2011) inneheld forpliktingar som kvar barnehage og førskulelærar må forhalde seg til. Rammeplanen er ei forskrift til

barnehagelova, og er då eit forpliktande styringsdokument. Den kan forståast og tolkast på mange ulike måtar, og den kan heldigvis føre til mange ulike praksisar. Men førskulelærarar i barnehagen kan ikkje la være å forhalde seg til den (Bjerkestrand & Pålerud, 2007).

Førskulelærarar er gitt eit samfunnsmandat gjennom lov og rammeplan (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006). I rammeplanen står det at barnehagen sitt samfunnsmandat blant anna er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal også tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barna sitt beste (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 8). Dette mandatet skal fortolkast, forståast og komme til uttrykk i praksis. Rammeplanen skil ikkje mellom førskulelærarar og andre yrkesgrupper og medarbeidarar, som fagarbeidarar og assistentar. Men rammeplanen gir midlertidig styrar og pedagogisk leiar et særleg ansvar for planlegging, dokumentasjon og vurdering i barnehagen (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006). Styrar og pedagogisk leiar er også ansvarlege for å rettleie resten av personalet slik at alle får ei felles forståing av barnehagen sitt ansvar og oppgåver (KD, 2011, s. 21).

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast. (KD, 2011, s. 53). Barnehagen skal sjå omsorg og danning, leik, læring, sosial kompetanse og språkleg kompetanse i samanheng. Barnehagen som pedagogisk verksemd har sin eigenart og sine tradisjonar som må ivaretakast, samstundes som barnehagen må sjåast i samanheng med skulen si verksemd. Å sjå omsorg og danning, leik, kvardagsaktivitetar og læring i samanheng er eit særtrekk ved norsk barnehagetradisjon (KD, 2011, s. 21).

Peder Andersen (1997) hevdar at den profesjonelle faggruppa sitt største problem er at pedagogisk verksemd i stor grad liknar livet sjølv. Ei viktig utfordring for førskulelærarane er at arbeidet sin karakter i det ytre ikkje skil seg noko vesentleg frå kva mange andre vaksne gjer, og meiner seg kompetente til å gjer, som for eksempel foreldre. Oppseding, omsorg og samvær med små barn i eit kvardagsliv i barnehagen pregast av vanlege gjeremål som av- og påkledning, måltid, aktivitet og kvile slik som andre stader der små barn er. Andersen hevdar også at det som skil barnehagen frå anna kvardagsliv, og som legitimerer og grunngir kravet om ein spesifikk kompetanse hos dei som arbeider der, er barnehagen sin eigenart. Førskulelærarar utfører noko meir og noko anna enn for eksempel foreldre gjer. Jansen, Pettersvold og Tholin stiller i boka «Førskulelæreren» (2006) spørsmålet om kva «dette andre» handlar om. Dei spør om det til dømes kan handle om barnehagen sitt faglege og kulturelle innhald slik det kjem til uttrykk i barnehagelova og i rammeplanen (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006).

### 2.1.1 Profesjon

Førskulelærarar er ein profesjon. Ein profesjon er gitt eit ansvar for å løyse ei samfunnsoppgåve, som i dette tilfellet er oppgåva å lage gode barnehagar. I barnehagelova har samfunnet lovfesta kravet om førskulelærarkompetanse i stillinga som pedagogisk leiar. Det er barnehagen sitt ansvar for offentleg oppseding som gjer førskulelærarane til ein profesjon, og ikkje den formelle utdanninga åleine (Bjerkestrand & Pålerud, 2007). Profesjonar blir blant anna karakterisert gjennom sitt fagspråk (Andersen, 2001). Det er viktig at førskulelærarane diskuterer og sjølv utviklar omgrep som beskriv deira yrkeshandlingar, før andre gjer det for dei (Jansen, 2007).

Synleggjering av innhaldet i barnehagen spelar ei rolle i førskulelærarane si profesjonsutvikling og skal bidra til å posisjonere barnehagen som ein samfunnsinstitusjon (Birkeland, 2007). Eva Skogen, Richard Haugen med fleire skriv i boka «Å være leder i barnehagen» (2013) at dei syns det er viktig at leiarar i barnehagen kan kommunisere leiing utetter, og at dei kan kommunisere leiing til andre organisasjonar. Dei meiner dette kan vere med på å synleggjere barnehagen som utdanningsinstitusjon og bidra til å auke statusen for yrket (Skogen, 2013).

### 2.1.2 Personalet på ei avdeling i barnehagen

Dei pedagogiske leiarane har i større grad ansvar for den formelle og faglege kontakten med foreldre (Lundestad, 2013). Ansvar for det faglege arbeidet blir framheva som noko av forskjellen mellom det å vere pedagogisk leiar og assistent. Gjennom utdanning har førskulelærarane fått kunnskap om kva som forventast av innhald i barnehagen, og kva barn og foreldre skal tilbydast og ha rett på (Lundestad, 2012). Skillet mellom ein pedagogisk leiar og ein assistent kan ein generelt sett seie handlar om at den pedagogiske leiaren har det overordna ansvaret, noko som blant anna betyr hovudansvaret for at oppgåver blir delegert, gjennomført og evaluert. I dette inngår det, som tidlegare nemnt, at den pedagogiske leiaren har ansvaret for overordna planlegging, skal tenkje framover, skal ha oversikt over heile verksemda og skal planlegge aktivitetar og tiltak som er særleg tilpassa den aktuelle barnegruppa (Lundestad, 2013). Gode rutinar for korleis barnehagen skal jobbe med relasjonen til foreldra, må vere på plass for fagpersonane i barnehagen. Samstundes må leiinga ikkje gløyme at også vikarar og assistentar møter foreldre og treng opplæring og rettleiing knytt til dette (Sveen, 2013).

Ved utgangen av 2011 var det i følge Statistisk sentralbyrå cirka 88800 tilsette i barnehagesektoren. Av desse hadde cirka 28000 godkjent førskulelærerutdanning (Lundestad, 2013). I barnehagen er det derfor eit fleirtal av dei tilsette som er utan høgare utdanning. Det at førskulelærarane er i mindretal, kan bety at dei i sitt daglege arbeid blir lite utfordra til å utvikle sitt faglege språk. I staden for å heile tida måtte strekke seg litt lenger i sin faglege diskusjon over eigen praksis, pressast førskulelærarane

til å banalisere, forenkle og omdefinere sin genuine fagkunnskap til generell kvardagskunnskap for å inkludere assistentar og fagarbeidarar (Østrem, 2006 og Bjerkestrand & Pålerud, 2007). Det kan ligge ein fare i at det faglege blir utvatna i ein kultur kvar førskulelærarane er i mindretal som faggruppe (Jansen, 2006), og eit viktig spørsmål er om yrkesgruppa legg vekk sin faglegheit i dialogen med medarbeidarar (Jansen, 2007). Med fleire pedagogar vil det vere mogleg å jobbe saman om det faglege innhaldet og dele det faglege ansvaret. Når førskulelærarane utgjere ein tredjedel av personalet i barnehagen, blir fagmiljøet naturleg nok mindre enn med ein høgare pedagogtettleik (Lundestad, 2012).

### 2.1.3 Planar

Det er pedagogisk leiar sitt hovudansvar å utarbeide planar for det pedagogiske arbeidet (didaktiske planar) og har ansvaret for samarbeid med foreldra (Lundestad, 2012). I tillegg til det daglege samarbeidet med foreldra, har barnehagen ein del skriftleg informasjonsmateriell. Dette er blant anna generell info om barnehagen, årsplan, månadsplan og vekeplan. Slik informasjon blir delt ut til foreldra og hengd opp på informasjonstavler. Etter kvart vil også informasjonen bli lagt ut på barnehagen si heimeside på internett (Ingeberg & Sørensen, 2001).

## 2.2 Foreldre

Foreldre er ikkje ei samla gruppe. Alle foreldre er forskjellige. Mange foreldre har ikkje noko anna forhold til barnehagen enn at dei følgjer barna sine dit kvar dag. Andre har, i tillegg til å vere barnehageforeldre, eit profesjonelt forhold til barnehagar (Østrem, 2006). I barnehagen møter vi alle typar familiar. Vi møter familiar som er prega av «tidsklemma», dei må alltid skunde seg, og dei skal ha barna sine med på alle tenkjelege aktivitetar. Vi møter familiar der barna alltid vert sett i sentrum for alle hendingar, og der alt handlar om «barna våre» (Pape, 2008).

Når barn blir henta i barnehagen, ynskjer foreldra å vite kva barnet har vore med på, kva barnet har gjort på i løpet av dagen, og gjerne kva som skal skje neste dag. I spørjeundersøkingar har foreldra opplyst at dei føretrekkjer å få slike opplysningar munnleg, framføre å lese dei på ei oppslagstavle (Ingeberg & Sørensen, 2001).

Magritt Lundestad referera til si eiga kvalitative undersøking med intervju av åtte pedagogiske leiarar, når ho i si bok «Barnehagen som arbeidsplass – å vare som pedagog og leder» (2012) skriv at fleire av dei pedagogiske leiarane meinte at foreldre generelt sett stiller fleire krav til barnehagen no enn tidlegare, og at dei er meir kvalitetsbevisste. Ein av informantane i undersøkinga til Lundestad, sa at ein av endringane i barnehagen er at foreldre har høgare forventningar til innhaldet i barnehagen. Informanten meinte dette var eit resultat av at det generelle utdanningsnivået i samfunnet har auka. Dermed er grunnlaget for å vurdere kvaliteten på barnehagen i større grad til stades (Lundestad,



2012). Foreldre kan i større grad no velje mellom ulike barnehagar på grunn av den sterke barnehageutbygginga. Ein kan då anslå at barnehagelærarane og barnehagane møter høgare krav til kvalitet på det pedagogiske arbeidet no enn tidlegare. Dei pedagogiske leiarane har saman med styrarane dermed eit press på seg til å få til eit godt fagleg arbeid slik at barnehagen «vinn» kampen om barna og foreldra.

### **2.3 Samtalen mellom foreldre og personalet i kvardagen**

I hente- og bringesituasjonar er hovudmålet å samarbeide med foreldre om deira barn. Derfor bør ein i slike situasjonar, streve etter å ha fokus på nettopp enkeltbarnet (Sveen, 2013). Barnet er, kort sagt, det vi har til felles. Dette verdifulle felles fokus bør vere det aller beste utgangspunktet for dialog (Østrem, 2006).

Ulike profesjonar har ofte sitt eige spesifikke fagspråk. Dette er noko førskulelærarane må vere bevisste på, fordi det vil kunne gjere samtalen vanskeleg for brukarane, som her er foreldra. I møte med foreldra i barnehagen er det viktig å vere opptekne av sitt eige profesjonsspråk. Førskulelærarar bør vere bevisste på sitt eige «stammespråk». I samtale med foreldre, brukar ein ofte ord som ikkje har noko meining for dei, men som blir tekne for gitt blant kollegaer. Derfor bør ein tenkje igjennom kva eit profesjonelt språk er i samtale med foreldre, og korleis ein bør snakke med dei ut i frå deira føresetnader. Ein bør trene seg på å unngå unødvendig bruk av faguttrykk, og å snakke på ein enkel og tydeleg måte. Førskulelærarar må generelt tenkje igjennom i kva grad ein tek for gitt at foreldra kjenner til ord og uttrykk som har å gjere med deira eigen profesjonelle kvardag. For mange foreldre kan dette vere ein ukjent verd (Drugli & Onsøien, 2010).

Samstundes kan førskulelærarar oppleve at foreldra forhold seg til dei som representantar for eit servicefag. Derfor er det viktig at førskulelærarane står fram med ein sterk fagleg profil både i dialogen med foreldra, og i forhold til å møte forventningspress frå kommunalt og statleg nivå (Jansen, 2007).

### **2.4 Pedagogisk dokumentasjon**

Rammeplanen brukar ikkje omgrepet pedagogisk dokumentasjon, sjølv om den med fordel kunne ha gjort det (Pape, 2009). Overskrifta til rammeplanen sitt kapittel 4.2 (KD, 2011, s. 55) kan likevel gjerne stå som ein definisjon av omgrepet pedagogisk dokumentasjon «dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring». Pedagogisk dokumentasjon handlar om å sjå og lytte og forsøke å forstå kva som skjer i det pedagogiske arbeidet. Det handlar om å sjå barnet og situasjonen. Det handlar om å ta verda inn, formidle til andre kva ein høyrer, ser og opplever, slik at ein saman kan diskutere, reflektere og skape ei felles forståing, og heile tida utvikle barnehagen sin pedagogiske

praksis (Pape, 2009). Pedagogisk dokumentasjon kan derfor vere eit verkemiddel for å utvikle barnehagen sin praksis (Bjerkestrand & Pålerud, 2007). Pedagogisk dokumentasjon blir derfor også ein arbeidsmåte i førskulelæraren og personalet sin refleksjon over praksis, i personalgruppa, og ikkje minst i møtet med foreldre og samfunnet sine kommentarar til kva barnehagen viser fram (Birkeland, 2007, s.123). Rammeplanen har pålagt barnehagen å informere foreldre om kva barna gjer, og kva dei lærer i barnehagen. Barnehagen må derfor søkje å finne metodar som synleggjer nettopp barna si verksemd og læringsprosessar i barnehagen (Pape, 2009).

Det er førskulelæraren som er fagleg ansvarleg for dokumentasjonstema og dokumentasjonsform i barnehagen (Birkeland, 2007, s.123). I den augneblinken til dømes bilete får ein til å tenke og til å setje spørsmålsteikn ved, og reflektere over noko i kvardagen, forvandlast dokumentasjon og blir til noko meir, den blir til pedagogisk dokumentasjon. Med andre ord er det bruken av dokumentasjonen som avgjer om den kan kallast pedagogisk (Pape, 2009).

Når det gjeld dokumentasjon, skriv Lundestad (2012) at dei pedagogiske leiarane ho intervjuja, fortalte at bilete i stor grad vart brukt som dokumentasjonsform. Vidare sa dei at å henge opp bilete av barna og dagen sine hendingar vart av fleire sett på som ein måte å formidle til foreldra kva barnet hadde opplevd. Målet deira var å få snakka med alle foreldra når dei kom for å hente barna, og fortelje om bileta. Dei pedagogiske leiarane sa at dei syns dette var viktig arbeid, men at dei opplevde at det tok tid å få overført bileter frå digitalt kamera til datamaskin, skrive ut bileta og henge dei opp. Fokuset var meir retta mot det enkelte barn og mot å synleggjere arbeidet, meir enn at arbeidet med dokumentasjon var grunnlag for refleksjon og læring i personalgruppa. Lundestad skriv at det i hennar undersøking verka som at dokumentasjon meir vart brukt som eit middel til å gje foreldre informasjon om det pedagogiske arbeidet, enn at personalet brukte bileta som eit refleksjonsgrunnlag for den pedagogiske verksemda (Lundestad, 2012, s. 45).

Pape (2009) skriv at personalet vil i stor grad vere tent med å dele meir av barnehagen sitt kvardagsliv med barna sine foreldre. Dette vil gje eit godt utgangspunkt for arbeidet med å skape samarbeid og forståing (jf. Pape, 2008, s. 60). Samstundes vil denne forma for dokumentasjon også kunne bidra til auka refleksjon over det arbeidet dei barnehagetilsette gjer i kvardagen saman med barna. Barnehagen har ein lang og god tradisjon for munnleg formidling. Personalet i barnehagen har gjerne kontakt med foreldra til barna kvar einaste dag. Ofte blir tida på ettermiddagen nytta til å snakke om det som har skjedd i løpet av dagen. Ulike episodar blir gjerne fortalt. Denne munnlege tradisjonen er viktig, og den skal på ingen måte erstattast av skriftleg dokumentasjon, den skal supplerast (Pape, 2009).

### 3.0 Metode

Aubert (1985) i Dalland (2012) definerer metode som «en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap» (Dalland, 2012, s. 111). Ein nyttar ulike metodar som ein reiskap for å undersøke og belyse ulike felt. Ein kan dele metode inn i kvantitative eller kvalitative. Kvantitativ metode gir informasjon i form av målbare einingar. Kvalitativ metode brukast til å fange opp meiningar, erfaringar og opplevingar, som i motsetnad til kvantitative metodar, ikkje kan talfestast eller målast.

#### 3.1 Val av metode

Sett ut i frå mi problemstilling valde eg å bruke ein kvalitativ metode for å få gode og relevante data. Vidare valte eg intervju fordi eg ville finne ut korleis den pedagogiske leiaren arbeidde, og kvifor han/ho gjorde det slik. Eg laga ein intervjuguide, som er ein skriftleg mal som skulle leie meg gjennom intervjuet (Dalland, 2012). Intervjuguiden min bestod av opne spørsmål, som er spørsmål utan faste svaralternativ (Tjora, 2012). Her kunne informantane kome med sine egne erfaringar og praksisar. Intervjuguiden hadde tre overordna kategoriar, kor eg hadde tolv tilhøyrande spørsmål som eg hadde valt ut for å innhente tilfredsstillande data. Kategoriane laga eg for å skape ein samanheng i rekkjefølgja spørsmåla kom i, og for å skape flyt i samtalan med informantane. Dess meir strukturert intervjusituasjonen er, desto lettare er det å ferdigstrukturere og analysere intervjuet seinare (Dalland, 2012).

Eit pilotstudie kan auke gyldigheita ved at ein blir sikrere på at ein stiller dei rette spørsmåla (Jacobsen, 2013). Etter pilotstudiet eg gjennomførte tidlegare i vinter, gjorde eg nokre endringar på denne intervjuguiden. Der gjorde eg meg den erfaringa at mange av spørsmåla måtte konkretiserast med tekst, slik at personen som vart intervjuet forsto kva eg spurde om. Elles erfarte eg at mange av spørsmåla eg hadde var like, og dette førte til at nokre spørsmål vart dregne saman, og nokre vart teke vekk. Gjennom pilotstudiet fekk eg erfart at rekkjefølgja på spørsmål var vesentleg, så dette endra eg på i ettertid.

#### 3.2 Gjennomføring av undersøkinga

I høve til mi problemstilling ville eg intervjuet personar som arbeider som pedagogiske leiarar i barnehagar. Eg hadde opphavleg ein tanke om å ikkje sende ut eller vise intervjuguiden til informantane fordi eg ville finne ut korleis praksisen var på dette feltet, og eg ville ha ærlege og personlege svar som ikkje var førebudd på førehand. Etter kvart som eg sette i gong prosessen med å skaffe meg informantar, sende eg ut eit informasjonsskriv på e-post til mange ulike barnehagar (sjå vedlegg 2). Eg valde å sende dette skrevet ut til styrarane i barnehagen fordi eg ynskte svar på nokre spørsmål om informantens sin arbeidsplass, og då taler alt for å be om godkjenning frå den som leier

verksemda (Dalland, 2012). Etter som tida gjekk og eg ikkje fekk svar frå mange barnehagar, tok eg telefonen fatt. Der viste det seg at det var mange som hadde det travelt, og ikkje kunne stille. Når det etter ei stund endeleg var informantar som sa ja til å bli intervjua, men at to av dei ville ha spørsmåla på førehand, følte eg at eg ikkje kunne seie nei. Dette var både på grunn av tidspresset, og fordi eg etter å ha sett gjennom intervjuguiden min ein gong til, fann ut at det ikkje gjorde noko dersom dei fekk sjå spørsmåla på førehand. Det var kanskje like greitt sidan dei då fekk tenke gjennom praksisen sin, og gjerne reflektere litt ekstra på kvifor dei gjorde det slik. Ei erfaring eg har lært av denne prosessen med å finne informantar, er å ta kontakt med barnehagane tidleg i fasen. Eg ville vente med å ta kontakt med barnehagane til intervjuguiden min var heilt ferdig, men eg ser no i etterkant at det var unødvendig. Eg kunne ha kontakta barnehagane mykje tidlegare, og dermed også unngått å komme i ei slags tidsklemme der eg stressa mykje med å skaffe meg informantar.

Valet av informantar avheng av kva ein ynskjer å vite noko om (Dalland, 2012). Eg hadde eit tilfeldig utval av informantar fordi eg sjølv ikkje bestemte kven av barnehagane som hadde ein pedagogisk leiar som takka ja til å bli intervjua. Eg intervjuar fire informantar som jobba i tre ulike barnehagar i same kommune. To av informantane jobba i same barnehage, men på forskjellige avdelingar. Eg intervjuar desse to ilag, og opplevde det som ei god erfaring. Dette gjorde eg fordi dette var noko dei ynskta, på grunn av tidsbruk. Undervegs i intervjuet kunne dei komme på ting som dei elles ikkje hadde komme på, dersom den andre ikkje hadde sagt akkurat det den sa. Elles hadde eg eit intervju som skjedde via eit asynkron medium (Jacobsen, 2013), som her var e-post. Dette var fordi informanten gjerne hadde lyst til å bli intervjua, men av personlege grunnar måtte vi ta det på e-post. I denne forma for intervju mistar ein ofte noko av den spontaniteten som kjenneteiknar andre formar for intervju. Men fordelene er sjølv sagt at intervjuet kan bli meir reflektert ved at informanten får tid til å tenkje seg meir om mellom kvart spørsmål/svar (Jacobsen, 2013). Informanten fekk intervjuguiden sendt på e-post, og eg følte eg fekk gode svar, sjølv om eg ikkje hadde den same moglegheita til å følge opp svarea informanten gav meg. Her hjalp det nok at eg hadde mange oppfølgingsspørsmål under spørsmåla, slik at informanten ofte svarte på desse dersom ho/han ikkje hadde nemnt det tidlegare.

Med alle informantane eg intervjuar ansikt til ansikt brukte eg bandopptakar. Dette var dei informert om på førehand, og dei vart informert om at det berre var eg som skulle høyre på det i ettertid. Eg ville bruke bandopptakar for å kunne ha meir fokus på samtalen med informanten, og heller notere meg små stikkord undervegs. Lydopptak tek vare på alt som blir sagt (Dalland, 2012). Ved bruk av bandopptakar var det også lettare for meg i ettertid å transkribere intervjuet, som er å skrive ned ord for ord som det er sagt (Dalland, 2012).

Etter at eg hadde transkribert intervjuet, arbeidde eg vidare med teksten ved å dele den inn i setningar, og fjerne typiske munnlege tilleggsord som *sånn* og *liksom*. Då vart den munnlege forma frå intervjuet gitt ei meir skriftleg form. I ein samtale er det alltid ein del gjentakningar og sidebemerkingar som kan lukast ut (Dalland, 2012). Samstundes var eg bevisst på å ikkje miste noko av meiningane til informantane mine, og tok vare på sitat frå informantane eg syns var gode og kunne tenke meg å bruke i empirien. Etter å ha lese alle intervjuet nøye merka eg meg kva tema som vart teke opp. Desse temaa har eg brukt til overskrifter i empiridelen. Eit tematisk arbeid av fleire intervju, krev at ein har følgd intervjuguiden og teke opp dei same temaa med alle informantane (Dalland, 2012), noko som eg gjorde. For å ikkje blande kven som sa kva, gav eg dei ulike informantane ulike fargar på skrifta i tekstdokumentet. Dette gjorde det lettare for meg for å sjå kven som sa kva når eg kopierte svara frå utskrifta, og «limte» det inn under dei aktuelle temaa i eit dokument. Under kvart tema var det no nødvendig å foreta ei opprydding (Dalland, 2012). Dersom eit type svar gjekk igjen hos informantane, hadde dette svaret meir tyngde enn dersom det berre var ein informant som sa det.

### 3.3 Feilkjelder og validitet

I eit intervju ligg det sjølvstøtt ei mogleg feilkjelde i sjølve kommunikasjonsprosessen (Dalland, 2012). Er spørsmålet eg stilte oppfatta rett av informanten? Har eg forstått svaret til informanten rett? Dersom det var noko eg ikkje forsto i eit svar eg fekk, stilte eg ofte spørsmål tilbake om eg forsto dei rett når ho/han sa det og det. Dette opplevde eg også at informantane gjorde, at dei stilte meg spørsmål «var det det du meinte?». Derfor følte eg at eg hadde god kommunikasjon med informantane eg intervjuet ansikt til ansikt. Under intervjuet hadde eg fokus på at bandopptakaren låg relativt nær informanten og meg, dette for å få god lyd på opptaka. Eit anna grep for å både få god lyd, og for å unngå å bli avbroten under intervjuet, var å gjennomføre intervjuet på eit lukka rom. Ved å transkribere intervjuet unngår eg å tolke kva dei seier, men skriv ned ordrett det dei seier. Validitet står for relevans og gyldigheit. Det som målast, må ha relevans og vere gyldig for det problemet som undersøkast (Dalland, 2012). Eg følte eg fekk inn gode svar i høve det eg ville finne svar på i problemstillinga. Men eg intervjuet berre fire informantar frå barnehagar i same kommune, så mine funn er ikkje representative for alle barnehagar i Norge.

### 3.4 Etiske omsyn

Problemstillinga mi hadde eit mogleg etiske dilemma, då dei pedagogiske leiarane kanskje kunne føle at dei måtte seie mykje om sin eigen praksis, og på denne måten følte at dei vart blottlagde. Eg hadde fokus på å informere informantane mine om at dei ville forbli anonyme, og at ingen namn blir nemnde i oppgåva, noko som er viktig fordi den som deltek i ei intervjuundersøking har krav på anonymitet (Dalland, 2012). Eg informerte også om teieplikta mi i forhold til det eg fekk høyre i

intervjuet, og dette kan ha vore med på å fått informantane mine til å fortelje meir enn det eg spurte om, fordi det kan oppstå ei fortrulegheit i intervjuet (Dalland, 2012). Dette skreiv eg på informasjonsskrivet eg sende ut heilt i starten til barnehagane (sjå vedlegg 2), og informerte informatane om heilt i starten på intervjuet. På intervjuet var eg i tillegg ekstra bevisst på å igjen forklare grundig kvifor eg hadde bandopptakar under intervjuet, og fortalte at alt ville bli sletta på bandopptakaren så fort eg hadde transkribert intervjuet. Ein måte eg brukte for å halde informantane mine anonyme på var å gi dei nummer i staden for namn heilt i starten. På denne måten inneheld ingen av dokumenta noko av namna deira i seg.

## 4.0 Empiri

### 4.1 Pedagogisk leiar

Alle informantane sa dei jobba systematisk med korleis dei møter alle foreldra i barnehagen. Informant 3 og 4 sa at dei jamleg snakka om dette på avdelingsmøte. Informant 1 og 4 sa at dei jobba med dette fordi det var viktig å møte foreldra på ein profesjonell måte. Informant 1 sa vidare at «det er viktig å ha fokus på at ein ikkje skal bli for mykje ven med foreldra».

#### 4.1.1 Garderoben

På spørsmål om korleis foreldre får vite kva dei har gjort på i barnehagen på ein vanleg dag, svarte informant 1 og 4 at dei brukte eit «whiteboard» til å skrive ned kva som har skjedd denne dagen. Informant 4 sa vidare angående «whiteboard»: «der får vi kanskje ikkje synleggjere så mykje av det faglege vi har gjort, det blir meir praktiske ting, og det er kanskje litt synd å seie, men det er ofte det foreldra er ute etter». Elles sa alle informantane at informasjon vart gjeven gjennom kommunikasjon. Informant 1, 2 og 4 sa at etter ein gjennomført aktivitet i barnehagen pleidde dei lage plakatar med bilete, tekst og sitat frå rammeplanen for å «synleggjere bakgrunnen for aktiviteten». Dette vart hengt opp i garderoben slik at foreldra fekk sjå.

#### 4.1.2 Faglegheit

På spørsmål om kva informantane la i omgrepet «faglegheit i barnehagen» var det aller første alle informantane sa at dette var vidt og at det kan handle om så mykje. Informant 1 sa at dei som har utdanning har faglegheit i barnehagen og at dei hadde eit teoretisk grunnlag som var viktig å ha i arbeidet. «Likevel har ein ei stor arbeidsgruppe i barnehagen som ikkje har fagleg utdanning, men dei kan likevel utføre faglegheit i jobben sin». Informant 3 sa at det kunne vere «både barn, foreldre, personalet, opplæring, kvalitet og kvalitetssikring». Vidare sa ho/han at «det er klart at du som pedagogisk leiar har ein stor jobb der, at dine meiningar og korleis ein vil skape ei avdeling eller korleis ein legg til rette er kjempeviktig». Ho/han fortel at å ha sikra at ein har med rammeplanen er

viktig, og ho/han syns det er vanskeleg å dokumentere ut til foreldra kor viktig den daglege læringa til barna er. Informant 4 seier at ho/han «tenker det handlar mykje om at ting vi gjer, gjer vi av ein grunn, og ikkje fordi det er eit eller anna med klokka, eller at det er praktisk, men at vi har mål med ting, at det er læringsmål i ting vi driv med. Så det handlar om at vi jobbar for at barn skal ha ein utvikling på alle område».

#### 4.1.3 Planar

Alle informantane hadde planane sine tilgjengelege for foreldra på nettet, i tillegg til at dei hang i garderoben og vart utlevert i papirform. Informantane sa at vekeplanen var ei skjematisk oppstilling av veka, med praktisk fokus der det sto kven som var på jobb dei ulike vaktene, og kva som skulle skje dei ulike dagane. På månadsplanar og periodeplanar var det meir fokus på at faglegheit og teori skulle knytast opp mot ulike tema som dei jobba med. På desse planane sa informantane at dei pleidde å vise til rammeplanen. Informant 1 og 4 sa dei var bevisste på å bruke fagomgrep på planane, men at det var viktig at foreldra forsto det dei pratar om, så ein brukte det med «omhu». Samstundes seier informant 4 «men eg har lyst til å få det innarbeida meir og meir. Eg trur kanskje det kan vere med på å heve status, og heve synet på at vi faktisk jobbar fagleg».

#### 4.2 Foreldre

Alle informantane sa dei hadde fått gode tilbakemeldingar frå foreldra på korleis informasjonen angående kvardagen i barnehagen blir gjeven i garderoben. Alle sa også at metodane for korleis informasjonen blir gjeven på er noko dei hadde kome fram til i samtale med foreldra. På spørsmål om interessa til foreldra kring det faglege innhaldet i barnehagen, sa alle informantane at dette varierte, men at dei opplevde interessa kring det faglege no var mykje større enn for nokre år sidan. Informant 4 sa at «det har vore positiv utvikling, og eg føler at foreldra er litt meir påkopla no, at dei er litt meir interesserte i kva som skjer, og at dei engasjerer seg litt og spør litt». Vidare sa ho/han «det har blitt betre, men det er kanskje ikkje heilt der det burde vere». Informant 3 sa at ho/han merka at foreldra prioriterte enkelte barnehagar framføre andre, og dette førte til større konkurranse blant barnehagane. Samstundes fortalte informant 1 og 4 at mange foreldre såg nok på barnehagen som ein «opphaldsplass med aktivitetar og barnepass». Informant 2 sa at ho/han følte at «foreldra er opptatt av at barna trivast og at dei har det bra».

På spørsmål om informantane hadde fått noko tilbakemelding frå foreldra på planane dei laga sa alle informantane at dei hadde fått positive tilbakemeldingar, og det virka som at foreldra var veldig fornøgdde med planane. Dei sa det varierte kor godt planane vart lesne av foreldra, informant 3 sa det slik «det er nokon som les dei veldig godt, dei veit om morgonen at i dag skal vi lage påskepynt, og nokon les dei aldri».

### 4.3 Samtalen mellom foreldre og personalet i kvardagen

På spørsmål om kva ein snakkar om med foreldra i hente- og bringesituasjonar svarar informantane at det i hovudsak er om det einstilte barnet til foreldra, kor mykje det har ete, eventuelt sove og formen til barnet. Informant 1 utdjupa «foreldra er opptekne av kva mitt barn gjer, ikkje kva alle andre gjer. Derfor er det viktig at vi har det som fokus». Informantane sa også at dei etter kvart lærte foreldra å kjenne, og derfor visste kva dei enkelte foreldra var meir opptekne av i samtalan. Alle informantane sa vidare at samtalen med foreldra inneheldt informasjon om kva dei hadde gjort på i barnehagen den dagen.

På spørsmål om dei var bevisste på å bruke fagomgrep i samtalen med foreldra svarte informant 2 og 3 at dei ikkje var så flinke på det. Informant 2 la så til «eg føler dersom ein brukar for mykje fagomgrep til foreldra så kan det bli litt skremmande. Eg prøver å ta det på ein så normalisert måte som mogleg». Informant 1, 2 og 4 sa at foreldre som var godt eller akademisk utdanna, snakka ein gjerne litt annleis med. Informant 2 utdjupa «fordi dei kanskje forstår fagomgrepa meir, eller kanskje brukar dei sjølv». Informant 1 og 4 sa at det handlar om å finne ein balanse mellom å vise at dei er profesjonelle yrkesutøvarar som har eit fag i ryggen, som veit kva dei drive med og å «snakke på ein måte som foreldra forstår». Informant 4 sa vidare at «det er noko med å vise fagkunnskapen, utan berre å lire av seg for mange framandord. Det kan fort for å bli eit sånt stammespråk som ingen forstår».

### 4.4 Pedagogisk dokumentasjon

Informant 1 forklarte pedagogisk dokumentasjon som «det er å dokumentere det arbeidet vi driver med barna, slik at ein kan sjå tilbake og reflektere/diskutere og sjå kritisk på det arbeidet som blir gjort. Det er å synleggjere det arbeidet vi gjer med barna ovanfor til dømes foreldre». Informant 2 sa at ho/han med ein gong tenkte på rammeplanen og dei sju fagområda. Informant 3 fortalte at pedagogisk dokumentasjon var ein måte å synleggjere praksisen deira, å synleggjere barna sitt arbeid og læring, ut til foreldra og samfunnet elles, gjennom vekeplanar, referat og dagsreferat. Informant 4 sa at ho/han «tenker det handlar like mykje om det ein gjer før arbeidet, med for eksempel ein årsplan. Eg tenker at årsplanen er grunnsteinen i forhold til det med pedagogisk dokumentasjon, og så vidare med månadsplanar og vekeplanar. Og at ein etterpå kunne vise til at ein har gjort det det står der at vi skal gjere, og vise at vi er i tråd med årsplan, rammeplan, slike strategiplanar til kommunen og alle slags pålegg vi har. Så er det å vise foreldra at vi gjere det vi seier vi skal gjere, og det som lover og avtaleverk seier vi skal gjere. Og at vi jobbar fagleg».

På spørsmål om korleis pedagogisk dokumentasjon blir brukt i barnehagen sa både informant 3 og 4 at dette er noko dei kan bli flinkare til. Informant 1 sa at dei hadde arbeida fram ein fagperm som



viste korleis dei jobba med dei ulike fagområda saman med barna. Denne vart brukt som dokumentasjon for foreldra. Dei vurderte aktivitetar og vidareutvikla dei ut i frå det dei hadde jobba med. I tillegg hadde dei ei oppslagstavle i garderoben der dei dokumenterte med tekst og bileter ovanfor foreldre korleis dei jobba med dei ulike fagområda. Informant 2 fortalte at dei hadde hengt opp ei oversikt over dei sju fagområda, og så at dei hengde opp bilete som var tilknytt fagområda under, «slik at foreldra kan sjå at vi tenkjer». Informant 2 sa vidare at ho/han skreiv referat for dei ulike månadane og hengde dette opp på oppslagstavle i garderoben, og at dette var pedagogisk dokumentasjon fordi då såg foreldra igjen det ho/han tidlegare hadde skrive i forhold til referatet. Informant 3 sa at ho/han prøvde å vere meir bevisst på å bruke ordet læring når ho/han skreiv på vekeplanar, og at dei prøvde å gjere foreldra meir bevisste på rammeplanen, fagområda og læring. Informant 4 snakka om å bruke årsplanen som eit verktøy, bruke den aktivt å ha den framme heile tida. Personalet måtte vere oppdaterte og bruke personalmøta til å jobbe fagleg, og jobbe med å utvikle seg på ulike måtar, slik at heile personalgruppa var på tå hev fagleg, og «ikkje berre opptekne av praktiske gjeremål».

#### 4.5 Problemstilling

På spørsmålet om kva informantane tenkte kring temaet å synleggjere faglegheita i barnehagen til foreldra, sa alle informantane at dette var eit viktig tema. Dei sa det var viktig å vise foreldra at det er ein tanke bak ting dei gjer, og at dei reflekterte kring arbeidet dei gjer i barnehagen. Informant 1 nemnte at det var viktig at barnehagen som organisasjon måtte vise faglegheit, og at personalet måtte vise at dei var ein organisasjon som var i utvikling. Vidare sa ho/han at ein måtte ha «eit kompetent personale med seg, men at det er både faglærde og ufaglærde, og at begge kan utføre god faglegheit. Det er viktig at foreldra ser at vi er eit kompetent personale til å utøve omsorg ovanfor deira barn. Dei skal vite at vi levera kvalitet». Informant 3 seier at det er mange ufaglærte i barnehagane, og at «det er jo kjempebra med dei altså», men at det skulle ha vore meir pedagogtettleik, for å hatt meir rollefordeling i forhold til det pedagogiske innhaldet. Vidare sa ho/han at det måtte vere «krav til dei som blir tilsett i barnehagen, for skal vi få opp kvaliteten, bli betre og bli synleggjort».

Vidare nemnde alle informantane at bemanningsnorma i denne kommunen var på 2,85 vaksne (2,85 stillingar per 18 barn over 3 år), og at dette var ei utfordring i forhold til å synleggjere faglegheita. Informant 4 utdjupe dette: «Så vaksenressursen er knapp. Det er veldig mykje som skjer i løpet av ein dag, det er praktiske ting som skal gjerast, det er møte som skal avviklast». Ho/han sa også at «veldig mange foreldre ikkje har eit bevisst forhold til kva som skjer i barnehagen, og at dei gir litt blaffen også. Dei er mest opptatt av at ungane er fornøgde og at dei har hatt ein fin dag. Så det er noko med

å balansere det, blir det for fagleg tungt, så fell dei av. Med all respekt for foreldra, så trur eg kanskje interessa stoppa på eit punkt».

## 5.0 Drøfting

### 5.1 Fagleg innhald i barnehagen

Rammeplanen er eit forpliktande styringsdokument, og inneheld forpliktingar som kvar barnehage og førskulelærer må forhalde seg til (Bjerkestrand & Pålerud, 2007). Det er interessant at det var berre ein av informantane eg intervjuar som nemnte rammeplanen når dei fekk spørsmål om kva dei la i omgrepet «faglegheit i barnehagen». I Rammeplanen (2011) står det at barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal sjå omsorg og danning, leik, læring, sosial kompetanse og språkleg kompetanse i samanheng. Ingen av desse ordna blir nemnt av informantane på spørsmålet om kva dei legg i faglegheit i barnehagen. Informant 4 nemner derimot at det handlar om at ein jobbar for at barn skal ha ein utvikling på alle områder. Dette «alle områder» tenkjer eg kan handle om nettopp det rammeplanen seier, nemleg omsorg, danning, leik og læring med meir.

Det første informantane svarte på spørsmålet om kva dei la i omgrepet «faglegheit i barnehagen», var at dette var vidt og at det kan handle om så mykje. Kan det vere at spørsmålet eg stilte var for vidt? Så vidt at det vart vanskeleg for dei å svare konkret? Ingen av informantane nemner til dømes at førskulelærarane er ein profesjon, og at dei er gitt eit ansvar å løyse samfunnsoppgåva om å lage gode barnehagar (Bjerkestrand & Pålerud, 2007). Heller ingen av informantane nemner at dei som førskulelærarar er gitt eit samfunnsmandat gjennom lov og rammeplan (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006), og at dette mandatet til dømes går ut på at dei, i samarbeid og forståing med heimen, skal ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling? (KD, 2001, s. 8). Likevel nemner tre av informantane, på ein eller annan måte, at faglegheit i barnehagen har noko med dei tilsette i barnehagen å gjere. Informant 1 presiserte dette når han/ho sa at dei som har utdanning har faglegheit i barnehagen og at dei har eit teoretisk grunnlag som var viktig å ha i arbeidet, men at ein «likevel har ein ei stor arbeidsgruppe i barnehagen som ikkje har fagleg utdanning, men dei kan likevel utføre faglegheit i jobben sin».

I barnehagen er det fleirtal av tilsette utan høgare utdanning (Lundestad, 2013). Ansvar for det faglege arbeidet blir framheva som noko av forskjellen mellom det å vere pedagogisk leiar og assistent (Lundestad, 2012). Med fleire pedagogar vil det vere mogleg å jobbe saman om det faglege innhaldet og dele det faglege ansvaret. Dette er noko ein av informantane mine også nemner, når informantane fekk spørsmål kring temaet å synleggjere faglegheita til foreldra. Informanten sa at det skulle ha vore høgare pedagogtettleik, for då kunne ein ha hatt meir rollefordeling i forhold til det

pedagogiske arbeidet. Vidare sa informanten at det må vere krav til dei som blir tilsett i barnehagen, dette for å få opp kvaliteten og å bli synleggjort. Eg tenkjer at eit slikt krav til dømes kan vere eit form for kurs eller utdanning. Gjennom utdanning har for eksempel førskulelærarar fått kunnskap om kva som kan forventast av innhald i barnehagen (Lundestad, 2012). Derfor er det litt interessant at rammeplanen ikkje skil mellom førskulelærarar og andre yrkesgrupper og medarbeidarar, som fagarbeidarar og assistentar (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006).

### 5.1.1 Pedagogisk leiar

I følgje Sveen (2013) må gode rutinar for korleis barnehagen skal jobbe med relasjonen til foreldra vere på plass for fagpersonane i barnehagen. Samstundes må leiinga ikkje gløyme at også vikarar og assistentar møter foreldre og treng opplæring knytt til dette. Styrar og pedagogisk leiar er ansvarlege for å rettleie resten av personalet slik at alle får ei felles forståing av barnehagen sitt ansvar og oppgåver (KD, 2011, s.21). Dersom ein ser dette opp mot mine funn, stemmer dette. Alle informantane eg intervjuar sa dei jobba systematisk med korleis dei møter alle foreldra i barnehagen. Informant 3 og 4 sa dei jamleg snakka om dette på avdelingsmøte. Informant 1 og 4 sa dei jobba med dette fordi det var viktig å møte foreldra på ein profesjonell måte. Kan det å møte foreldra på ein profesjonell måte vere med på å synleggjere barnehagen som utdanningsinstitusjon og bidra til å auke statusen for yrket (Skogen, 2013)?

### 5.1.2 Planar

Planar er ein del av det skriftlege informasjonsmateriellet til barnehagen (Ingeberg & Sørensen, 2001). Denne informasjonen blir delt ut til foreldra og hengd opp på informasjonstavler. Ingeberg og Sørensen skreiv i boka «Assistent i barnehagen» i år 2001 at denne informasjonen etter kvart ville bli lagt ut på barnehagen si heimeside på internett. Dette stemmer over eins med det informantane mine sa. Alle informantane sa dei hadde planane sine tilgjengeleg på internett, i tillegg til at dei vart utleverte til foreldra i papirform. Det er pedagogisk leiar sitt hovudansvar å utarbeide planar (didaktiske planar) for det pedagogiske arbeidet (Lundestad, 2012). Informantane sa at vekeplanane var ei skjematisk oppstilling av veka, og at dei hadde eit praktisk fokus. Månadsplanar og periodeplanar derimot hadde eit meir fagleg fokus, og på desse planane pleidde informantane å vise til rammeplanen. Alle informantane hadde fått positive tilbakemeldingar frå foreldra på planane dei laga. Eg undrar meg over kva tilbakemeldingane hadde vore frå foreldra dersom vekeplanane også hadde fått eit meir fagleg fokus. To av informantane sa dei var bevisste på å bruke fagomgrep på planane, men at dei brukte dei med «omhu», fordi det var viktig at foreldra forsto det dei prata om. Dette stemmer overeins med det Drugli og Onsøyen (2010) skriv om at ein må unngå unødvendig bruk av faguttrykk. Samstundes sa informant 4 at han/ho hadde lyst til å få bruken av fagomgrep meir innarbeida, fordi «eg trur kanskje det kan vere med på å heve status, og heve synet på at vi

faktisk jobbar fagleg». Dette stemmer overeins med det Jansen (2007) skriv om at ein profesjon blir karakterisert gjennom sitt fagspråk, og at det er viktig at førskulelærarane sjølv utviklar omgrep som beskriv deira yrkeshandlingar.

## 5.2 Foreldre

Ifølge Jansen, Pettersvold og Tholin (2006) er ikkje foreldre ei samla gruppe, og alle foreldre er ulike. Det er store forskjellar på foreldra ein møter i barnehagen, nokon veit ikkje meir om barnehagen enn at det berre er ein plass der dei leverer barnet sitt, medan andre kan ha eit profesjonelt forhold til barnehagar. Dette støttar også informantane eg intervjuar oppunder. Informantane sa at det var variasjonar blant foreldra i høve interessa kring det faglege i barnehagen. Som informant 3 sa det «det er nokon som les dei (planane) veldig godt, dei veit om morgonen at i dag skal vi lage påskepynt, og nokon les dei aldri».

Lundestad (2012) hadde i si kvalitative undersøking funne ut at dei pedagogiske leiarane ho intervjuar meinte at foreldre no generelt stilte fleire krav til barnehagen enn tidlegare, og at foreldra var meir kvalitetsbevisste. Dette stemmer overeins med det eg fann ut i mine intervju. Alle informantane eg intervjuar sa at interessa til foreldra kring det faglege innhaldet i barnehagen var mykje større no enn for nokre år sidan. Informant 4 sa det hadde vore ei positiv utvikling, og at foreldre var meir interesserte i kva som skjer i barnehagen. Dette kan henge saman med det Jansen (2007) skriv at etter år 2006 vart barnehagen no omtala som ein læringsarena der blikket no er retta meir mot det faglege innhaldet i barnehagen. Likevel presiserte informant 4 at det hadde «blitt betre, men kanskje ikkje heilt der det burde vere». Eg undrar og stille meg spørsmålet om kor langt ein kan gå i forhold til å forlange kor mykje foreldre skal interessere seg i barnehagen si verksemd. Dersom ein opplever at foreldre ikkje er så interesserte i det faglege som dei tilsette skulle ynskje, må kanskje dei tilsette som jobbar i barnehagen tenkje litt nytt i forhold til å synleggjere det faglege til foreldra, og for å gjere det meir interessant for dei som brukarar av barnehagen. Men også her var det store variasjonar blant foreldra. Medan nokre var interesserte i det faglege, ser framleis nokre foreldre på barnehagen som ein «opphaldsplass med aktivitetar og barnepass». Jansen (2007) støttar opp under dette med at ho skriv at førskulelærarar kan oppleve at foreldre forhold seg til dei som representantar for eit servicefag, og at det derfor er viktig at førskulelærarar står fram med ein sterk fagleg profil i samtalen med foreldra.

I undersøkinga til Lundestad (2012) kom det også fram at på grunn av den sterke barnehageutbygginga, kunne foreldre no i større grad velje mellom ulike barnehagar. Dette kunne igjen føre til at barnehagane no møtte høgare krav til det pedagogiske arbeidet enn tidlegare. Dei pedagogiske leiarane hadde då eit press på seg for å få til eit godt fagleg arbeid i barnehagen, slik at

foreldra vel dei når dei skal velje barnehage til barna sine. Dette støtta ein av informantane mine opp under. Informant 3 sa at deira barnehage merka at foreldre prioriterte enkelte barnehagar framføre andre, og at dette førte til større konkurranse blant barnehagane. Eg stiller meg spørsmålet om ein slik konkurranse kanskje kan vere litt sunt for dei tilsette i barnehagen? Kanskje kan dette føre til at dei tilsette blir endå meir bevisste på vala dei gjer, og at dei reflekterer endå meir over sin eigen praksis. Samstundes kan slik konkurranse kanskje bety at foreldre i større grad no enn før legg vekt på det faglege innhaldet i barnehagen når dei skal velje kva barnehage dei vil at barna deira skal gå i (Lundestad, 2012).

Når barn blir henta i barnehagen ynskjer foreldra, ifølge Ingeberg og Sørensen (2001), å vite kva barnet deira har vore med på, kva barnet har gjort på og kva som skal skje neste dag. I spørjeundersøkingar har foreldre opplyst at dei føretrekkjer å få opplysningane munnleg, framføre å lese dei på ei tavle. At informasjon mellom dei tilsette i barnehagen og foreldre blir gjeven gjennom munnleg kommunikasjon, sa også mine informantar. Informantane eg intervjuar sa at dei hadde fått gode tilbakemeldingar frå foreldra på korleis informasjonen vart gjeven, og at dei tilsette saman med foreldra hadde kome fram til metodane dei brukte for slike opplysningar. Informant 4 sa at ein gjennom «whiteboard» kanskje ikkje fekk synleggjort så mykje av det faglege ein har gjort, og at det vart meir praktiske ting, og at det var ofte det foreldra var ute etter. Noko som stemmar overeins med det Ingeberg og Sørensen (2001) skriv om at foreldre ynskjer å vite kva barnet har gjort på, vore med på og kva som skal skje neste dag, altså i hovudsak praktiske ting.

### **5.3 Samtalen mellom foreldre og personalet i kvardagen**

I bringe- og hentesituasjonar bør ein i samtalen med foreldra ha fokus på enkeltbarnet (Sveen, 2013). Barnet er det personalet og foreldra har til felles, og dette bør vere det aller beste utgangspunktet for dialog (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006). Dette støtta mine informantar opp under. Alle informantane eg intervjuar sa at samtalen med foreldra i bringe- og hentesituasjonar handla i hovudsak om det einskilde barnet, kva det har ete, sove og kva det har gjort på. Informant 1 forklarte det slik «foreldra er opptekne av kva mitt barn gjer, ikkje kva alle andre gjer. Derfor er det viktig at vi har det som fokus». Vidare sa alle informantane at ein med tida blir meir kjende med foreldra, og veit kva foreldra er opptekne av å få vite i denne samtalen. Her tenkjer eg som tidlegare nemnt at alle foreldre er forskjellige (Østrem, 2006), og det er viktig at personalet i barnehagen lærer dei å kjenne, slik at denne samtalen blir best mogleg for alle partar. Samstundes tenkjer eg at det er viktig at dei tilsette hugsar på at dei er profesjonelle yrkesutøvarar, for kva kan skje med det faglege innhaldet i samtalen dersom ein blir for «kameratsleg»? Dette støttar også informant 1 opp under, då ho/han sa at «det er viktig å ha fokus på at ein ikkje skal bli for mykje ven med foreldra».

I møte med foreldra i barnehagen er det viktig at personalet er opptekne av sitt eige profesjonsspråk (Drugli & Onsøyen, 2010). Førskulelærarar bør vere bevisste på sitt eige «stammespråk». Ein bør derfor tenkje igjennom kva som er eit profesjonelt språk i samtalen med foreldra, og korleis ein bør snakke med dei ut i frå deira føresetnader. Dette er noko informant 1,2 og 4 også sa. Dei snakka annleis med foreldre som var godt eller akademisk utdanna, fordi som informant 2 utdjupa så forsto kanskje desse foreldra fagomgrepa betre, eller at dei kanskje brukte det sjølv. Så her ser vi at personalet tilpassa seg etter kven dei snakka med. Personalet i barnehagen bør trene seg på å unngå unødvendig bruk av faguttrykk, og å snakke på ein enkel og tydeleg måte. For mange foreldre kan kvardagane i barnehagen vere ei ukjent verd (Drugli & Onsøyen, 2010). Å snakke på ein enkel og tydeleg måte, er noko ein av mine informantar også støtta opp under. Informant 2 sa at ho/han følte at dersom ein brukte for mykje fagomgrep i samtalen med foreldra, så kunne det bli litt skremmande. Og at ho/han prøvde å snakke på ein så «normalisert» måte som mogleg. Samstundes sa informant 2 og 3 at dei «ikkje var så flinke på det» på spørsmål om dei var bevisste på å bruke fagomgrep i samtalen med foreldra. Etter eit slikt svar undrar eg på om at desse informantane kanskje ikkje er så opptekne av, eller bevisste på sitt eige profesjonsspråk, verken i samtalen med foreldre, men også i kvardagssamtalane med resten av personalet sitt? Dersom dette er tilfelle, kan det ha samanheng med at i ein barnehagekultur kor førskulelærarar er i mindretal som faggruppe, så kan det ligge ein fare i at det faglege blir utvatna (Jansen, 2006), fordi førskulelærarane i sitt daglege arbeid blir lite utfordra til å utvikle sitt faglege språk (Østrem, 2006).

Samstundes er det viktig at førskulelærarar står fram med ein sterk fagleg profil i dialogen med foreldra, i alle fall når foreldre kan oppleve at foreldre forhold seg til dei som representantar av eit servicefag (Jansen, Pettersvold, & Tholin, 2006). Dette støtta to av mine informantar opp under. Informant 1 og 4 sa at det handlar om å finne ein balanse mellom å vise at dei er profesjonelle yrkesutøvarar som har eit fag i ryggen, til å snakke på ein måte som foreldre forstår. Informant 4 sa at det var noko med å vise fagkunnskapen, utan for mange framandord, fordi dette kunne bli eit «stammespråk» ingen forsto. Omgrepet «stammespråk» brukar også Drugli og Onsøyen (2010) når dei nemner det faglege språket til førskulelærarane, og at ein bør tenkje gjennom kva eit profesjonelt språk er i samtale med foreldre. Eg tenkjer at personalet i barnehagen har ei utfordring med tanke på dette temaet. Er det viktig at førskulelærarane kan snakke på ein slik måte at ein forstår kven som er utdanna og ikkje utdanna i barnehagen? I motsetnad til assistentar, har førskulelærarane gjennom utdanning fått kunnskap om kva som forventast av innhald i barnehagen, og kva barn og foreldre skal tilbydast og ha rett på (Lundestad, 2012), bør denne kunnskapen komme til syne i samtalen med foreldra? Eva Skogen og Richard Haugen med fleire (2013) skriv til dømes at dei syns det er viktig at leiarar i barnehagen kan kommunisere leiing utetter.

## 5.4 Pedagogisk dokumentasjon

Pedagogisk dokumentasjon kan definerast som «dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring». Pedagogisk dokumentasjon handlar om å formidle til andre kva ein ser, høyrer og opplever, slik at ein saman kan diskutere, reflektere og skape ei felles forståing, og heile tida ha som mål å utvikle barnehagen sin pedagogiske praksis (Pape, 2009). Pedagogisk dokumentasjon er ein arbeidsmåte i personalet sin refleksjon over praksis, i personalgruppa, og i møtet med foreldre sine kommentarar til kva barnehagen viser fram (Birkeland, 2007). Det som er interessant er at det var berre ein av informantane eg intervjuar som forklarte pedagogisk dokumentasjon som ein måte å dokumentere arbeidet, slik at ein kunne reflektere og diskutere og sjå kritisk på det arbeidet dei gjorde. Vidare sa informant 1, 3 og 4 at pedagogisk dokumentasjon var ein måte å synleggjere arbeidet og praksisen til barnehagen, til for eksempel foreldre. Ulike måtar informantane synleggjorde denne praksisen på var ved å til dømes lage ein fagperm, henge opp bilete og tekst i garderoben og vise fram referat frå dei førre månadane. Desse funna eg har gjort, stemmer også med funna Lundestad gjorde i si undersøking (2012). Lundestad fann ut at dokumentasjonen til dei pedagogiske leiarane ho intervjuar vart meir brukt som eit middel til å gje foreldre informasjon om det pedagogiske arbeidet, enn at personalet brukte bileter som eit refleksjonsgrunnlag for den pedagogiske verksemda.

Kanskje er dette eit tema som er vanskeleg for pedagogiske leiarar å få heilt kontroll over, til dels fordi ein ikkje heilt veit kva det er for noko, i og med at rammeplanen ikkje nyttar seg av omgrepet «pedagogisk dokumentasjon» (Pape, 2009). Likevel nemnde alle informantane rammeplanen når dei enten skulle forklare kva pedagogisk dokumentasjon var for noko, eller korleis det vart brukt i barnehagen deira. Kan det hende at fordi rammeplanen sjølv ikkje nyttar seg av omgrepet «pedagogisk dokumentasjon», har omgrepet blitt litt vagt for personalet, og at det derfor er vanskeleg å forklare kva det eigentleg er? Sjølv om berre ein av informantane eg intervjuar sa at dei brukte dokumentasjon til refleksjon av arbeidet i barnehagen til å vidareutvikle praksisen, kan det tenkast at dei andre informantane også brukar dokumentasjonen dei har i barnehagen til å reflektere over praksisen, men at dei kanskje ikkje er like bevisste, eller klar over, at det er dette som er pedagogisk dokumentasjon. Informant 3 og 4 nemner likevel at pedagogisk dokumentasjon er noko dei kan bli flinkare på å bruke i barnehagen.

## 5.5 Problemstilling

På spørsmål om kva informantane tenkte kring temaet å synleggjere faglegheita i barnehagen, sa alle informantane at dette var eit viktig tema. Vidare sa dei at det var viktig å vise foreldre at det er ein tanke bak ting dei gjer, og at dei reflekterer kring arbeidet dei gjer i barnehagen. Dette kan ein sjå i samanheng med det Andersen (1997) hevdar om at den profesjonelle faggruppa sitt største problem

er at pedagogisk verksemd i stor grad liknar livet sjølv. Dette gjev førskulelærarane ei utfordring fordi arbeidet i barnehagen sin karakter ikkje skil seg noko vesentleg frå kva mange andre vaksne gjer, og meiner seg kompetente til å gjer, som til dømes foreldre. Derfor er det, som alle informantane seier, viktig å vise foreldre at det er ein tanke bak ting dei gjer i barnehagen. Informant 1 utdjupe dette når han/ho sa at det var viktig at barnehagen som organisasjon måtte vise faglegheit, og at personalet måtte vise at dei var ein organisasjon som var i utvikling. Vidare er det interessant å sjå at på dette spørsmålet nemnte alle informantane at den låge bemanningsnorma som kommunen hadde, var ei utfordring i høve å synleggjere faglegheita. Eg undrar meg om ein med fleire tilsette i barnehagen hadde klart å synleggjere det faglege innhaldet til foreldra endå meir? Informant 4 sa til slutt noko som får ein til å tenkje: «Veldig mange foreldre har ikkje eit bevisst forhold til kva som skjer i barnehagen, og at dei gir litt blaffen også. Dei er mest opptekne av at ungane er fornøgde og at dei har hatt ein fin dag. Så det er noko med å balansere det, blir det for fagleg tungt, så fell dei av. Med all respekt for foreldra, så trur eg kanskje interessa stoppa på eit punkt». Dersom ein ser dette opp mot samfunnsmandatet til førskulelærarane (KD, 2011), undrar eg meg om at ein som førskulelærer har eit ansvar å gje «foreldre som ikkje har ein bevisst forhold til kva som skjer i barnehagen» denne kunnskapen, men på grunn av manglande interesse frå foreldre, blir vanskeleg for dei tilsette.

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg teke føre meg problemstillinga: «*Korleis synleggjere pedagogisk leiar det faglege innhaldet i barnehagen til foreldre i kvardagen?*». Eg har fått innsikt i korleis dei pedagogiske leiarane synleggjere det faglege innhaldet i barnehagen, og eg har fått eit innblikk i tankane til deira knytt til dette temaet, slik som formålet med denne oppgåva var. Det har vore interessant å høyre kva dei som er ute i feltet tenkjer kring dette temaet, og eg har innsett at det er mange grunnar til at dette er eit utfordrande emne.

For det første omhandlar «fagleg innhald» eller «faglegheit» i barnehagen veldig mykje og det er eit vidt omgrep. Som ein kunne sjå ut i frå både teori og funna frå dei pedagogiske leiarane er dette vanskeleg å definere, fordi det nettopp omhandlar så mykje. Likevel kan ein seie at det faglege innhaldet i barnehagen er at ein skal sjå omsorg og danning, leik, læring, sosial kompetanse og språkleg kompetanse i samanheng (KD, 2011), og sørgje for ei heilheitleg utvikling av barn. Eg har også gjennom intervju funne ut at faglegheit i barnehagen har noko med dei tilsette i barnehagen å gjere, uansett om dei er utdanna eller ikkje utdanna. Ei utfordring som ligg her er at mange ufaglærde møter foreldre i hente- og bringesituasjonar. Dette løyser dei pedagogisk leiarane med å jobbe systematisk med korleis resten av personalet møtte foreldra, slik at også desse kan møte foreldra på ein profesjonell måte. Korleis ein synleggjorde det faglege innhaldet gjennom planar



varierte ut i frå kva plan det var snakk om. Vekeplanar har for det meste eit praktisk fokus, medan ein på månadsplanar og periodeplanar hadde eit meir fagleg fokus med vising til rammeplanen. Dei pedagogiske leiarane brukte ulike dokumentasjonsformer til å synleggjere arbeidet, aktivitetar og praksisen i barnehagen. Dette var til dømes bileter og tekst som dei hang opp i garderoben.

Ei anna utfordring knytt opp til problemstillinga, er at foreldra ikkje er ei samla gruppe. Alle foreldre er unike, og derfor varierer naturleg nok deira interesse kring det faglege innhaldet i barnehagen. Dette er ei utfordring med tanke på å synleggjere det faglege innhaldet fordi alle foreldra må bli møtt ulikt. Nokre foreldre viser stor interesse for det faglege i barnehagen, medan andre ikkje har eit bevisst forhold til det. Likevel kan ein seie at foreldre viser større interesse for det faglege no enn før. Dette igjen kan føre til større konkurranse mellom barnehagar, som igjen kan føre til at det blir viktigare for personalet å vise faglegheit i sitt arbeid. I samtalen mellom barnehage og foreldre ligg fokuset på barnet. Dei pedagogiske leiarane var bevisste på språket dei brukte i samtalen med foreldra, og tilpassa seg etter kven dei snakka med. Likevel er det viktig å finne ein balanse mellom å vise foreldra at dei er profesjonelle yrkesutøvarar, og å snakke på ein måte som foreldra forstår.

Etter arbeidet med denne oppgåva syns eg det hadde vore interessant å sett dette temaet frå foreldra si side. Kva tenkjer dei om det faglege innhaldet i barnehagen, og samsvarar dette med pedagogane sine tankar? Korleis syns dei dette blir synleggjort av dei pedagogiske leiarane? Derfor hadde det vore interessant å intervju foreldre for å finne ut om interessa er så variert som pedagogane seier, og høyrte foreldra sine tankar kring innhaldet i samtalen i hente- og bringesituasjonar, og korleis dei meiner dei pedagogiske leiarane bør opptre i desse situasjonane.

## 7.0 Litteraturliste

### 7.1 Ordinært pensum

Jacobsen, Dag Ingvar (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Kunnskapsdepartementet (2011). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Bergen: Fagbokforlaget.

Skogen, Eva (red.) (2013). *Å være leder i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget

### 7.2 Sjølvvalt pensum

Andersen, Peder, Ø. (1997). Meningsfylt praksis, kompetanser og profesjonalisme. I: *Pedagogens kompetanse*. Oslo: Pedagogisk Forum

Andersen, Peder, Ø. (2001). *Den komplekse planlegginga. Førskolelærarar om pedagogisk planlegging og praksis*. Doktorgradsavhandling. Gøteborg: Acta Universitatis Gothoburgensis

Birkeland, Louise (2007). Kapittel: 5 Den gjennomslktige barnehagen – pedagogisk dokumentasjon. I:

Bjerkestrand, Mimi & Pålerud, Turi (red.) (2007). *Førskolelæreren i den nye barnehagen – fag og politikk*. Bergen: Fagbokforlaget

Bjerkestrand, Mimi, & Pålerud, Turi (red.) (2007). *Førskolelæreren i den nye barnehagen – fag og politikk*. Bergen: Fagbokforlaget

Dalland, Olav (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Drugli, May Britt & Onsøien, Ragnhild (2010). *Vanskelige foreldresamtaler: gode dialoger*. Oslo: Cappelen Akademiske forlag

Ingeberg, Petter, & Sørensen, Ingvild (2001). *Assistent i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget

Jansen, Turid Thorsby (2006). En lærer underviser, hva gjør en førskolelærer? I: Jansen, Turid Thorsby, Pettersvold, Mari, & Tholin, Kristin Rydjord (2006). *Førskolelæreren*. Oslo: Pedagogisk Forum.

Jansen, Turid Thorsby (2007). Kapittel 1: Den nye barnehagen – ved et veiskille. I: Bjerkestrand, Mimi & Pålerud, Turi (red.) (2007). *Førskolelæreren i den nye barnehagen – fag og politikk*. Bergen: Fagbokforlaget

Jansen, Turid Thorsby, Pettersvold, Mari, & Tholin, Kristin Rydjord (2006). *Førskolelæreren*. Oslo: Pedagogisk Forum.

Kandidatnummer 1

Lundestad, Magritt (2012). *Barnehagen som arbeidsplass – å være som pedagog og leder*. Bergen: Fagbokforlaget

Lundestad, Magritt (2013). Kapittel 8: Ledelse av assistentgruppen i et relasjonelt perspektiv. I: Skogen, Eva (red.), Haugen, Richard, Lundestad, Magritt & Slåtten, Mette Vaagan (2013). *Å være leder i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget

Pape, Kari (2008). *Fra plan til praksis 1 – prosessorientert arbeid i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget

Pape, Kari (2009). *Fra plan til praksis 2 – dokumentasjon og vurdering i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget

Sveen, Trude Hamre (2013). Kapittel 11: Å møte foreldre i barnehagen. I: Kvello, Øyvind (red.) (2013). *Barnas barnehage 2 – barn i utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Tjora, Aksel (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Østrem, Solveig (2006). Dialogen mellom førskolelærer og foreldre. I: Jansen, Turid Thorsby, Pettersvold, Mari, & Tholin, Kristin Rydjord (2006). *Førskolelæreren* Oslo: Pedagogisk Forum.

## 8.0 Vedlegg

### 8.1 Vedlegg 1 Intervjuguide

#### Hente- bringe

1. Korleis får foreldre vite om kva de har gjort på i barnehagen på ein vanleg dag?
  - a. Biletskjermer? «Dagen i dag-ark»? Andre måtar?
    - i. Kvifor akkurat denne måten?
  - b. Kva tilbakemelding har de fått frå foreldra på dette?
2. Kva info blir gitt i hente og bringesituasjonar?
  - a. Fokus på anonymisering? (Dersom for eksempel ein bitesituasjon har oppstått i barnehagen, er de bevist på å anonymisere barnet som beit, når de fortel det til foreldra til barnet som har blitt beten?)
3. Kva blir vist fram til foreldre i kvardagen knytt til aktivitetar i barnehagen?
  - a. Når de gjennomføre ein aktivitet i barnehagen, kva fortel de til foreldre om den?
  - b. Kvar ligg fokuset i denne samtalen (praktisk eller teoretisk?)

### Pedagogisk dokumentasjon

4. Pedagogisk dokumentasjon er eit sentralt begrep i barnehagen. Kva legg du i dette?
  - a. Korleis blir dette brukt i barnehagen?

### Foreldre

5. Jobbar de (heile personalgruppa) systematisk med korleis de møter alle foreldra?
  - a. Har du hatt samtalar med resten av personalet om korleis dei møter/snakkar med foreldra?
6. Kva legg du i begrepet «faglegheit i barnehagen»?
7. Er de bevist på å bruke fagomgrep i samtalen med foreldre?
  - a. Kva fagomgrep brukar du?
8. Informera de om Rammeplanen og andre lover til foreldre?
  - a. Har de opplevd at foreldre etterspør dette?
9. Korleis opplev du at foreldra si interesserte kring det faglege innhaldet i barnehagen er?
10. Har de planar som foreldra får sjå?
  - a. Korleis? (på nett, delt ut, henge på veggen)
  - b. Kva står det på desse?
  - c. Praktisk eller teoretisk fokus? Kvifor?
  - d. Er de bevisst på å bruke fagbegrep og skrive formål med aktivitetane på planane?
  - e. Har de fått noko tilbakemelding på planane frå foreldra?
11. Kva tenker du om å synleggjere faglegheita i barnehagen til foreldre?
  - a. Kva meiner du er dei største utfordringane kring dette temaet?
    - i. Kvifor?
12. Heilt til slutt, noko du vil tilføre?

## 8.2 Vedlegg 2 Informasjonsskriv til barnehagane

Hei!

Eg heiter Elisabeth Torvanger, og er tredjeklassestudent på førskulelærarlinja ved høgskulen i Sogndal. I forbindelse med mi bacheloroppgåve skal eg intervjuje **pedagogiske leiarar**, og lurte derfor på om de har ein pedagogisk leiar som kunne tenke seg å bli intervjua i løpet av **veke 14**. Eg har tenkt at eg kjem til å reise rundt og gjennomføre intervjua i barnehagane, dersom det let seg gjere.

Temaet i mi bachelor er «synleggjering av faglegheit i barnehagar», og problemstillinga mi er «**korleis synleggjer pedagogisk leiar det faglege innhaldet i barnehagen til foreldre i kvardagen?**». Eg har teieplikt, og den pedagogiske leiaren vil forbli anonym, og ingen namn skal nemnast i oppgåva.

Kandidatnummer 1

Tidsramma som er tenkt for intervjuet er mellom 30 til 45 minutt. Eg har lyst til å nytte meg av bandopptakar under intervjuet, av den grunn at det skal vere lettare for meg i etterkant å skrive ned intervjuet, og fordi eg då kan ha meir fokus på å lytte og komme med oppfølgingsspørsmål, enn å skrive ned det han/ho seier.

Eg håpar på positiv tilbakemelding, og gje gjerne beskjed om når de passar best for dykk. Er det noko de lurar på, er det berre å ta kontakt på mobilnummeret mitt \_\_\_\_\_.

Mvh

Elisabeth Torvanger